



Stad kommune

NYTT fra Stad kommune / april 2020

Påskehelsing til deg

Eg skulle ønskje vi gjekk mot helg ifrå dei vanlege kvardagane – dei vi til tider synest er både slitsame og kjedelege. Å lengte til kvardagen var vel ikkje det eg tenkte eg skulle gjere når påska stod for dør, men eg trur vi er mange som har det slik no.

Vi har ikkje så mykje anna val enn å prøve å tenke at også dette skal gå over. I mellomtida må vi handle klokt og førebu oss på det som kan kome. Det blir lagt ned ein stor innsats i kommuneorganisasjonen i denne tida. Dei fleste av oss løyser dei oppgåvane vi til vanleg har, om enn på ein annan måte. Det er dei færraste som kan trekkje seg tilbake til eit heimekontor då behova i samfunnet krev at vi må oppretthalde tenestene våre. Det som blir tydeleg når ei slik krise rammar oss, er kor betydningsfulle dei kommunale tenestene er i liva våre.

Det som også blir svært tydeleg er kva menneskeleg kontakt har å seie for helse og livskvalitet. Kva er vi utan kvarandre? Å måtte kjenne på ufriviljig isolasjon og avstand vil nok kunne setje spor i oss. Håpet er at vi veit å verdsetje samværet og fellesskapet til fulle når vi ein dag er ute igjen på andre sida.

Eg vil takke alle for innsatsen så langt! Ingen veit kor lenge dette vil vare, men eg håper at det som vil halde oss oppe er fellesskapet og dei meiningsfulle oppgåvane vi har i og for samfunnet vårt. Det blir viktigare enn nokon gong å halde fast på målet vi har hatt for Stad kommune:
«Eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag».



Takk til alle
for innsatsen de
legg ned i denne tida!
- Det skal gå bra!

Spørsmål og svar om arbeidsgjevartema

På Stad kommune si nettside har vi samla svar på ulike spørsmål som kjem frå tilsette og leiarar i Stad kommune. I svara støttar vi oss på dei tilrådingane som KS gjev kommunane om arbeidsgjevartema.

Dersom det kjem nye retningslinjer og vedtak om arbeidsgjevartema, så vil vi forsøke å oppdatere her på denne sida.

Vi ber om at tilsette har dialog med sin nærmeste leiar. Leiarar kan ta kontakt med personalsjef Heidi Kroken Bruland for nærmare rådgjeving i konkrete saker. Svar på spørsmål som fleire kan ha interesse av blir publisert på nettsida.

Info til tilsette finn du i eit eige menypunkt under lenka øvst på framsida - Oppdatert informasjon om koronaviruset - Informasjon til tilsette

Informasjon om tilbod oppvekst og opplæring

Omsorgstilbod i påska

Kommunen vil gje eit omsorgstilbod både til barn av foreldre med samfunnskritiske samfunnsfunksjonar og for sårbare barn og unge også i påskeveka.

Per i dag, 3. april 2020, så er turnusplanane for helse og omsorgstenestene lagt for påska. Om det ikkje skjer vesentlege endringar i høve koronaviruset, er det ikkje behov for å utvide tilbodet utover gjeldande skule- og barnehagerute.

For barn av tilsette der begge er tilsette i samfunnskritiske funksjonar vil føresette måtte melde inn sine behov. Einingsleiarane vurderer om dette fell inn under samfunnskritiske funksjonar.

Når det gjeld barn og unge som er i ein sårbar og utsett situasjon vil barnehagane og skulane sjølve ta ei vurdering ut i frå dei kjennskapane dei har om både barna og familiene.

Har dei kjennskap til at nokon i denne gruppa har eit omsorgsbehov i påskeveka, vil einingsleiarane undersøkje omfangsbehovet og opprette eit tilbod.

Føresette kan og ta kontakt med barnehagen / skule for få hjelp i ein situasjon som dei opplever som sårbar og at dei treng eit omsorgstilbod. Ved tvil om ein skal opprette eit omsorgstilbod, vil einingsleiarane saman med kommunalsjef for oppvekst og opplæring ta den endelige avgjersla.

Barnevern

Det er ingen av borna som barnevernstenesta i Stad kommune har kontakt med som det er kritisk sårbart for i høve at skule/barnehage er stengt i påskeveka.

Barnevernstenesta sine avlastningstilbod, for dei som har dette, vil i all hovudsak være i normal funksjon. Barnevernet i Stad har jamleg kontakt med dei familiene der ein vurderer dette som naudsynt.

Barnevernstenesta sin akuttberedskap er i vanleg funksjon heile påskeveka og vil kunne vurdere og handtere ev. situasjonar som oppstår. Alle hjelpeinstansar skal være kjent med denne beredskapen (tlf. 459 76 206).



Barnevernstenesta sin akuttberedskap er i vanleg funksjon heile påskeveka og vil kunne vurdere og handtere ev. situasjonar som oppstår.

Opning av skule

Det føreligg ikkje ny informasjon om når skulane vil opne att. Alle embete er bedne om å gje ei vurdering av kva som er følgjene av at skular og barnehagar er stengde i deira fylke.

Alle kommunane i Vestland fylke har hatt høve til å uttale seg og skildre korleis situasjonen er i deira kommune. Basert på dette har Fylkesmannen i samråd med fylkeskommunen sendt inn ei vurdering av vår situasjon til Utdanningsdirektoratet.

Onsdag 8. april vil regjeringa kome med nye vedtak på kva tiltak som skal gjelde framover.

Omdisponering av personell

Det er gjennomført ei kartlegging av personell og arbeidsoppgåver som dei tilsette utan arbeidsoppgåver kan setjast til. - Det er gledeleg at svært mange er positive til å bistå med andre oppgåver på område der ein treng ekstra ressursar i tida som kjem.

Arbeidsgjever kan omdisponere tilsette i samsvar med arbeidsplanen, under føresetnad at dei får nødvendig opplæring slik at dei kan utøve arbeidsoppgåvene forsvarleg.

Risikovurdering i einingane knytt til smittevern

I samband med koronaepidemien har helse og omsorgssektoren starta eit arbeid med å kartlegge, risikovurdere og planleggje tiltak i samband med koronasituasjonen.

Kartlegginga gjeld blant anna personell og tilgang til utstyr og senger. Plassstillitsvalde og verneombod er med i arbeidet. Helse- og omsorgssektoren har nytta Arbeidstilsynet sin rettleiar i arbeidet.

I samband med koronaepidemien er det nødvendig at alle einingsleiarane gjer ei kartlegging, risikovurderer og sett i verk tiltak for å hindre potensiell smitte. Dette er særleg viktig for dei einingane som er i kontakt med mange menneske. Arbeidet skal gjerast saman med dei tilsette, tillitsvalde og verneombodet. Risikovurdering og handlingsplan skal ferdigstilla innan onsdag 22.04.2020.

Reinhald - rutiner pr 3. april


Det blir gjort reint ute i alle einingane kvar dag - med ekstra fokus på alt av berøringspunkt. Ved forandring av drift på f.eks skular/barnehagar blir dette meldt inn til reinhaldsleiar slik at reingjeringa kan tilpassast nye behov.

Hjelp å hindre smitte!

Vi oppmodar til å vise omsyn til kvarandre og følgje opp nasjonale helseråd med spesielt fokus på reinhald av kontaktflater.

I alle møterom skal de finnast vaskeserviettar og/eller mikrofiber klutar som skal brukast etter kvart møte eller ekstra aktivitet. - Hjelp gjerne til med å vaske over kontaktflater som har vore brukt, for eksempel bordflater, armlene på stolar, touch panel, skjermar, brytarar, pennar og liknande - kast brukt engangsutstyr i søppelbøtta.

Manglar det noko ta kontakt med reinhald i Stad kommune, Erna eller May-Britt på reinhald. - Takk for ditt bidrag!



Med ønske om
ei GOD påske!

Etablering av eining for pasientar som er smitta

Helse og omsorg jobbar med å førebu og legge planar for korleis pleie- og omsorgstenestene våre skal riggast, slik at vi kan yte gode helse- og omsorgstenester til dei som treng hjelp. Presset på den kommunale helsetenesta kan bli ekstra stort om presset på sjukehusa blir stort.

Det blir jobba med å få på plass ei ny midlertidig eining meint å ta i vare pasientar med påvist covid 19 som treng heildøgns omsorg. Dette kan være pasientar som er utskrivingsklare frå sjukehus eller heimebuande, som på bakgrunn av helsetilstand ikkje kan bu i eigen heim. Likt for pasientane er at den enkelte har eit auka hjelpebehov og på bakgrunn av covid 19 ikkje kan ivaretakast i ordinær institusjon.

Eininga vil ta i vare alle innbyggjarar i Stad kommune og blir lokalisert i omsorgsbustader på Nordfjordeid, Gjerdane 14.